

VARHAUGEN

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2021

UNGDOMSKLUBBEN
SIDE 14-15

STORFINT BESØK
SIDE 16-17

BYGDEUNGDOMSLAGET
SIDE 28

HAUSTTAKKEFEST SIDE 13

SVALA 4H SIDE 30-31





JANUAR/FEBRUAR 1971: TIL UELAND I RENNEDREV

Illustrasjonsfoto: Unsplash.

Dette er ei oppleving Reidar Lode hadde, og som han nyleg fortalde til Jan Varhaug. Dette tykte Jan var så spesielt at han kontakta Varhaugbuen. «Dette du skriva om Liv, dei som veks opp i dag anar ikkje koss veret kunne vera før». Reidar meinte det ikkje hadde noko større interesse, men sa til sist ok. Reidar var på den tida tilsett hos Realf Grødem på Bryne.

HER ER REIDAR SI HISTORE:

Eg trur me såg det litt an. Det begynte å snø og blåsa tidleg, og eg meiner me gjekk heim til middag. Me var på Grødeland med anleggsarbeid på nybygget til entreprenør Puntervoll. (Destruksjonsanlegget).

Eg sat heime med mor og far, då dei ringde frå vegstasjonen på Søyland. Det var Tafjord frå vegvesenet som lurde på om eg kunne koma meg til Grødeland, og henta beltelastaren. Dei hadde fått melding frå folk, som «venta smått», og nå sat dei fast i snøen oppe i bygda.

Det vart ein strie tur til Grødeland. Eg måtte bruka ski. Slik veret var, trur eg det tok ein god time. Så gjekk turen sørover med beltelastaren til Anstein Varhaug, som skulle vera vegvisar.

Det var ikkje så heilt gale før me kom forbi meieriet. Der begynte snøfennene på 1-1,5 m høge. Måtte brøyta heile turen. Ved Landbruksselskapet tok «galskapet» til. Det var fenner på 2-3 meter, og slik var det heile vegen til Torlund Ualand.

Vegvisaren min, Anstein hadde det ikkje særleg godt. Han sat og rista oppå oljetanken.

Me kom til Ualand i ellevetida om kvelden, og då var me mildt seia, ganske sletne. Njål var i uthuset og fora, slik at sauene skulle ha mat nok i eit par dagar.

Bilen var pakka og klar, så den tok me på slep bak maskinen. Og det var heilt nødvendig, for vegen hadde rent saman igjen. Mange stader var det så tjukt med snø at maskinen måtte gå opp fennene, og bilen bak hadde si eiga reis. Men langt om lenge var me nede på Varhaug att, og då var klokka halv ett på natta.

Reidar har nyleg snakka med Anstein, og spurt om han husker denne turen. «Den gøymer eg aldri». Var svaret.

Dette var berre eit av mange strie døgn. Trur me hadde slikt ver i 10-12 dagar.

Reidar huskar og ein gong dyrlege Berge hadde klatt. Han måtte ut til ei ku som låg i mjølkefeber. Då kom dei og fram, med Berge sitja humpande oppå oljetanken.

Dette var berre ei lita mimring om tida då me hadde rike snøvintrar. Det er gildt med litt snø om vinteren, men heldigvis har me ikkje hatt så mykje av dei snømengdene dei siste åra. Og brøyteutstyret er vel og vorte monaleg betre.

Liv

BEKKJAFARREN

*Tekst: Oddmund Aas i samarbeid med
Steinar Varhaug. August 2021
Melodi: Fotlandsfossen.*

Ved Husvegbecken står det eit skilt med desse ord:

SJÅ OPP FOR BEKKJAFARREN

- når du vegen går.

Han er eit ord for NØKKEN
som og har ulik form.

Men - begge kan dei lokke
så slu, - ja, lik ein orm.

Frå gamle tider er det på folkemunne sagt

at BEKKJAFARREN lurar

- stadig vekk på jakt.

Han alltid prøver fange den som ved kanten står

og lurar i det stille

når ein der ruslar - går.

REFRENG: (To gonger)

Det er på Husveg at du

kan finne skapnaden no

nedi bekken som renn der så stille.

Ja, om du tek deg ein tur så kan du sjå staden der

det er sagt at ei gjenferd held til.

På 1900 - talet dei BEKKJAFARREN såg

der bekken renn i havet

- staden for han låg.

Det var på denne tida

han fekk sitt namn her sør.

Og - tradisjon fortel oss

at skrømtet er som før.

I dag ein og blir minna

om dette ved ein grind

som sperrar no den vegen

i Jærens milde vind.

På denne staden finn du

ein bekk som sakte renn.

Då kan du kvile tanken

for minna som svinn hen.

REFRENG: (To gonger)

Det er på Husveg...



KLOKKARHAGEN ER 10 ÅR

Fort som åra går. 11. desember 2021 er det alt 10 år sidan Klockkarhagen opna, og dei første pasientane (pensjonærane) flytta inn. Klockkarhagen er eit tilbod til menneske med ulik demensform, som gjer at dei ikkje kan nytta seg av vanlege tilbod innan helse og omsorg. Sjukeheimen, som har 2 avdelingar med 12 i kvar, har i tillegg eit aktivitetssenter og avlastningsplass. Som om ikkje dette var nok, så har dei og ei stor «bakebu» i hagen i tillegg til eit lite drivhus.

Tove Dubland fortel at det var ganske hektiske dagar for 10 år sidan, då alt skulle gå seg til for alle partar, både dei som arbeidde der og dei som hadde flytta inn. Alle møbla var heller ikkje kome på plass til opninga.

Tove har alltid vore oppteken av at Klockkarhagen skulle vera ein open plass mot bygda og lokalmiljøet, og bygdekvinnelaget på Varhaug har omtrent hatt ein fot innanfor her frå dag ein.

Lag og organisasjonar er viktige medspelarar både når det gjeld aktivitetar på huset, og ute i lokalmiljøet.

I nummer 2/12 av Varhaugbuen er det bilde av bygdekvinnelaget som er i sving med å laga eit blomebed i hagen, og både dei og bondelaget har gitt frukttre til hagen. Seinare har bygdekvinnelaget passa på dette bedet, og skifta ut blomar og plante når det trengs. Bygdekvinnelaget, som er det laget eg best kjenner til, har og gitt flagstang, flag og vimpel til Klockkarhagen.

Dei tilsette er flinke til å aktivisera pasientane, både med turar ut, og med ymse aktivitetar inne med musikk, marsj og dans. Det er veldig viktig å vera i bevegelse, så ein ikkje størnar heilt til. Personale er og flinke til å ta bilde når dei er ute på tur, og når desse heng på veggen etterpå, kan dei mimra litt saman med pasientane, som då kanskje vil kjenne seg att.

Inne- sykling framføre eit TV skjerm, som verkar som om dei sykklar ute i naturen, er eit populært tiltak for mange. Dei har og fått midlar til å kjøpa innebygde 3-hjul sykklar, som gjer det mogeleg å koma ut på sykkeltur med pasientane.

Når ein har bursdag, er det vanleg å koma med eit gåveynskje. Tove seier dei ynskjer seg gyngestolar, og brukande gamle nattkjolar. Desse siste kan personalet bruka ved kveldsskiftet. Då kan det kanskje verta lettare for pasientane å forstå at det er kveld, og leggetid.

Varhaugbuen, takker for drøset, og ynskjer Klockkarhagen lukke til vidare med dei neste åra.

Liv



FRÅ CHAMPS ELYSEES TIL STORHAUG/ VARHAUG ALLE

Endeleg konsert i Løa. Ikkje oppe i Løa, men nede i stova, på dagtid og i samband med lunsjen 27. oktober.

Konserten var i regi av den «Den kulturelle spaserstokk», finansiert av Rogaland fylkeskommune og var ein gratiskonsert med Britt-Synnøve Johansen og Petru Popa.

60 personar fekk høyra gamle franske slagere og nye singlar av Britt-Synnøve og Ragnvald Wernøe.

Britt-Synnøve fekk og publikum med på allsang på refrenget til Champs Elysees som på denne konserten blei til Varhaug alle. Det var ein flott konsert og eg trur at fleire gjekk heim med ein eller fleire «songar på hjernen»

Astrid



HÅ LIONS CLUB

JULENEK

Haustinga av kornet vart ikkje som me hadde tenkt. Været tok mesteparten av kornet og kva gjer me no? Me tok kontakt med ein kornprodusent på Austlandet og fekk kjøpt nek. I veke 44 fekk me pakka mesteparten slik at me er klar til salg av desse i uke 47 og 48. På Varhaug blir det i uke 48 så det er bare å være klar når me kjem.

FILMUTSTYR TIL MR-UNDERSØKELSE VED SUS

Hå Lions har vært med på å støtte dette prosjektet slik at spesielt unge kan slappe av når de skal inn i denne skumle maskinen. Se vedlagt klipp frå siste nr. av Lions-magasinet.

SE MEG STASJON

I samband med ei sorggruppe som «Se Meg Stasjon» skal ha i løpet av dei neste vekene, stiller me med 2 bilar og 2 sjåførar. Me henter deltakere frå forskjellige skular i distriktet og køyrar dei inn til Bryne og bringer dei tilbake etter 2 timars møte. Dette gjeld barn og ungdom frå 7 til 17 år. Onsdager og torsdager i 7 veker hjelpar me til.

NYE MEDLEMMER ER VELKOMNE

Når me samler inn penger går 100% til hjelpetil-tak. Utgifter til drift av organisasjonen dekkes av medlemskontingenten. Me møtes 2. tirsdag kvar månad utanom juli og august. Møtene i desember, mars og juni har me med fylgje. Me prøver å få gode foredragsholdere og underholdning og enkelte gonger er med ute på besøk hjå bedrifter og andre. Ta kontakt på nett: <https://ha.lions.no/styreo-versikt/> med en av oss i styret og du kan være med på møter for å sjå om dette er noko for deg.

Torodd Varhaug





MEDLEMSMØTE I BYGDEKVINNELAGET 28. OKTOBER

Den som skulle hatt foredrag på medlemsmøte 28. oktober, var forhindra i å møta.

Sporty stilte to personar frå bygda opp på kort varsel. Reidar frå Skrettingen fortalte om bedrifta som har eksistert sidan 1928. Dei har fleire gonger bygd på eller bygd om, og nå opnar snart ein kafe med sitjeplass for 30 personar. Kundane vil ha mykje ferdigmat og dei er opptekne av kortreist mat. Sidan dei tek varer frå Prima og Fatland, kan dei reisa og henta varer når dei treng. Reidar fortalte og at det er trendar når det gjeld kjøtt og det er viktig for ei bedrift som deira, å følgja med i kva marknaden vil ha. Dei set difor pris på innspel frå kundane.

Karbonader er det dei sel mest av, men det må og nevast at dei sel opp mot 1000 pannekaker i veka,

noko som tilsvarar 17-18 pannekaker pr person i Varhaug i løpet av eit år.

Etter maten fekk Tove Dubland, leiar på Klokkekarhagen ordet. Ho fortalte at Klokkekarhagen sjukeheim er 10 år i år. Ho informerte og om at det finnes mange ulike diagnoser innanfor demens og at dei artar seg på ulike måtar. Ho sa og at dei set pris på at bygdekvinnelaget og andre deltek i aktivitetar på Klokkekarhagen.

Astrid

NYTT FRÅ VARHAUG PENSJONISTLAG

Neste møte vert tysdag 30. november med julemiddag hos Jærgarden Kvalbein. Der vert Dag og stasjonsungane med og underheld. Det vert allsong med kjente og kjære julesanger.

Første møte i 2022 vert tysdag 25. januar, der tannlege Tone Elin Berge vert med og snakkar om «Tannhelse». I Årsmøte vert i februar.

Inger Haugstad



NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No er det litt etter litt noko som skjer på misjonshuset. «Vi over 60» starta opp etter coronapausen 18. august. Open barnehage er i gang att i matsalen etter at den òg hadde pause medan Hå kommune hadde dei strengaste coronatiltaka. Og elles startar det opp litt etter litt.

Årsmøtet for misjonshuset vart utsett til 30. september. Noko av årsaka er at styret for misjonshuset ser på noko ombygging av lokala utafor møtesalen. Ein ynskjer få til eit «mingleområde» og då må ein og sjå på løysing for ny lagerplass. Eit forslag frå Bettikon ynskjer styret skal drøftast på organisasjonane sine årsmøte før årsmøtet for misjonshuset. Då kan styret på årsmøtet til misjonshuset legge fram forslag til igangsetting av slikt arbeid. Teikningane er lagt ut på misjonshuset si heimeside. Det inneheld meir enn «mingleområdet», men i første omgang er det 1. etasje og påbygg for betre lager som skal handsamast.

Styret har sett på muligheten av å få momsrefusjon. Då viser det seg at organisasjonsformen er avgjerande. For å få momsrefusjon må ein vere tilslutta frivillighetsregisteret. Og det kan ikkje ein organisasjon som er registrert som sameige slik misjonshuset er no. For å få momsrefusjon må difor organisasjonsforma for misjonshuset verte endre. Og då må eierskap og lovar verte endra. Dette må takast opp på dei ulike årsmøta før misjonshusets årsmøte..

Møteveker, gudstenester, basrar og SUNDAG starter opp att. Og planlegging av julemessene er i gang. Og no etter at coronapandemien er på retur og landet er opna opp til nivå 3, er det flere selskap, bryllup og konfirmasjonsfestar aom vert arrangerte på misjonshuset.

Kulturskulen har pianoøvingar, og fysioterapien har gruppetreninger på misjonshuset,

Det nærmer seg normaltilstand!

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett:

http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid





Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.

Hå meisterskapen vart halde på Varhaug misjonshus laurdag 30. oktober. Her deltok 28 gutar og jenter frå skular i Hå og frå Jærtun. 14 i klasse nybegynnar, og 14 i klasse mester. Nybegynnarklassen vart vunne av Tage Ueland frå Varhaug skule, medan mesterklassen vart vunne av Thomas Stokke frå Motland skule. Vandrepokalane i desse klassane skal få med namn og skule til vinnarane og verte plassert på vinnarskulane til neste Håmesterskap i mars 2022. Sjå resultatlistane og bilete ein annan plass i bladet.. Dei tre beste i kvar klasse fekk pokal, men alle som deltok fekk premie,- og pizza og brus. For foreldra hadde me årsmøte, og styret med Erik Høidahl, Stein Aarsland og Per-Arvid Jakobsen vart attvalt.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Klubben har lynsjakk eller anna form for hurtig sjakk om onsdagane med sjokoladepremier.. Me i desember er det planlagt turneringar som vert ratet som NGP (Norsk Grand Prix). Og i januar 2022 skal Jæren sjakkklubb arrangere vestlands-mesterskap for sjakkklubbane i vestnoreg frå Agder og opp til Bergen. Jæren sjakkklubb spelar i 2.divisjon og me håper å kunne ha med fleire 4-mannslag.

Programmet for resten av haust 2021:

Onsdag 24. november - Lynsjakk (3m+2s)

Onsdag 1. desember - Juleturnering - Hurtig del 1 - FIDE-rated

Onsdag 8. desember - Juleturnering - Hurtig del 2 - FIDE-rated

Onsdag 15. desember - Juleavslutning - Lynturnering - FIDE-rated

Velkomen til sjakk på Bryne.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Hå mesterskapet 2021

Varhaug Misjonshus, 30. okt 21
Gruppe Mester

Endelig resultatliste

PI	Navn	Klubb	1	2	3	4	5	6	Poeng	Buchholz-1	Buchholz	i-Snittm
1	Thomas Stokke	Motland	+05	+04	+06	=02	+03	+07	17,0	68,0	80,0	
2	William Myklebust	Jærtun	+14	+11	+03	=01	+06	-04	15,0	67,0	73,0	
3	William Ben Nilsen	Ogna skule	+09	+08	-02	+07	-01	+06	14,0	68,0	80,0	
4	Nils Tore E. Espegren Aarsland	Jærtun	+08	-01	-07	+10	+12	+02	14,0	67,0	77,0	
5	Mons Jakob Bjorland	Bø skule	-01	+12	=10	+08	-07	+09	13,0	64,0	74,0	
6	Lena Lye	Jærtun	+10	+07	-01	+09	-02	-03	12,0	70,0	81,0	
7	Isak Hatteland	Bø	+13	-06	+04	-03	+05	-01	12,0	70,0	80,0	
8	Lucas Hartvig	Jærtun	-04	-03	+14	-05	+11	+12	12,0	61,0	67,0	
9	Benjamin Surdal	Vigrestad	-03	+13	+11	-06	+10	-05	12,0	60,0	70,0	
10	Håvard Berge Dahlstrøm	Jærtun	-06	+14	=05	-04	-09	+13	11,0	61,0	67,0	
11	Tollak Espegren Aarsland	Jærtun	+12	-02	-09	-13	-08	+14	10,0	59,0	65,0	
11	Mari Etagegne Bryne	Jærtun	-11	-05	+13	+14	-04	-08	10,0	59,0	65,0	
13	Rune Berge Dahlstrøm	Jærtun	-07	-09	-12	+11	+14	-10	10,0	55,0	61,0	
14	Henrik Nilsen	Ogna skule	-02	-10	-08	-12	-13	-11	6,0	58,0	68,0	

Hvite partier står med **fet skrift**.

31. okt kl.21:46 TurneringsService 6.5

Jæren sjakkklubb

Hå mesterskapet 2021

Varhaug Misjonshus, 30. okt 21
Gruppe Nybegynnere

Endelig resultatliste

PI	Navn	KI	Klubb	1	2	3	4	5	6	Poeng	Buchholz-1	Buchholz	i-Snittm
1	Tage Ueland		Varhaug	+12	+05	+06	+03	-02	+07	16,0	67,0	77,0	
2	Anna Lye		Jærtun	=13	=10	+11	+06	+01	+05	16,0	62,0	72,0	
3	Louis Pfeiffer		Vigrestad Storsk.	-06	+07	+04	-01	+11	+12	14,0	64,0	74,0	
4	Jonathan Ueland		Motland	=11	+09	-03	+12	=05	+08	14,0	59,0	69,0	
5	Torvald Våge		Varhaug	+07	-01	+09	+08	=04	-02	13,0	69,0	80,0	
6	Pernille Høidahl		Vigrestad	+03	+08	-01	-02	-07	+14	12,0	69,0	77,0	
7	Agnar Espegren Aarsland	Nyb	Jærtun	-05	-03	+14	+09	+06	-01	12,0	66,0	74,0	
8	Maren Marie Christensen-Dreyer	??	??	+10	-06	+13	-05	=09	-04	11,0	61,0	71,0	
9	Kornelius Luckus		Vigrestad	+14	-04	-05	-07	=08	+11	11,0	60,0	68,0	
10	Ommund Espegren Aarsland	Nyb	Jærtun	-08	=02	=12	-11	+14	=13	11,0	57,0	65,0	
11	David Dyngeland		Varhaug	=04	=13	-02	+10	-03	-09	10,0	66,0	76,0	
12	Noah Kulbat		Motland	-01	=14	=10	-04	+13	-03	10,0	65,0	73,0	
13	Oskar Dyngeland		Varhaug	=02	=11	-08	=14	-12	=10	10,0	58,0	66,0	
14	Eline Heia		??	-09	=12	-07	=13	-10	-06	8,0	56,0	66,0	

Hvite partier står med **fet skrift**.

31. okt kl.21:45 TurneringsService 6.5

Jæren sjakkklubb

Tenna granå

Me tenner lysa på juletreet ved rådhuset på Varhaug

Fredag 26. November kl. 17:30

Andakt: Marit Halvorsen, juletregang, utdeling av poser.

**Vi håper på godt vær
og at mange møter opp**



**I slaktarkafèn vert det
servering av julagraut**



Arrangør:
Sentrum Menighet og
Bedrifts Foreningen på Varhaug

ÅRSMØTE I VARHAUG BYGDEKVINNELAG

30 september hadde Varhaug bygdekvinnelag årsmøte der 42 personar møtte.

Fyrste post på programmet var Grethe Marie Ånestad, jordmor på SUS, som fortalte om arbeidet sitt og som tok imot over 120 tepper + luer og sokker til prematur-avdelinga på sjukehuset.

Vi hadde og besøk av Lars Hognestad frå Ønsketransporten. Han fortalte at dei hadde oppdrag i heile landet og arbeidde med å oppretta avdelingar andre plassar i landet. Det blei gitt 5000 kr til arbeidet deira.

Årsmøtesakene gjekk greitt, ingen kommentarar verken til årsmeldinga eller reknskapet.

Valgnemnda hadde ikkje fått personar til alle verva, men nok personar til styret. Styret fekk difor i oppdrag å konstituera seg sjølv.

Liv Reiestad, Anne Margrete Aanestad og Rannfrid F. Jessen gjekk ut or styret, og fekk alle blomar.

Etter styremøte 6. oktober, ser styret slik ut:

Leiar: Astrid Skretting

Nestleiar: Judit Åmodt

Sekretær: Margunn Skretting

Kasserar: Synnøve Odland

Styremedlem: Aud Elise Gudmestad og

Anlaug Riise Varhaug

1 varamedlem: Bjørg Reime Håland

2. varamedlem: Aud Håland

3. varamedlem: Edith Tunheim Salte

Astrid Skretting



FRÅ REDAKSJONEN

I denne korona tida hadde eg vorte van med blanke sider i avtaleboka. Men brått, då «samfunnet opna opp igjen», vart det fullt overalt. Gildt igjen med meir normale dagar.

Dei faste treffa - på Iden og Fellesen - som har vore noko redusert, går nå som før, med godt frammøte, drøs og kaffi. Her vert nok mange verdsproblem løyst over kaffikoppen. Då det framleis dukkar opp smitte både her og der, må me nok vera budd på å halda fram med spritvask og anna ei stund til. Men gildt er det at ting har vorte meir normalt; Krågespelet på Iden, likeeins Bingoen på Eldresenteret og ikkje å gløyma Stampen, for dei som liker seg der.

Når dette bladet kjem ut, går me mot desember og advent, og då er det ikkje lenge igjen før sola snur og det går mot lysare tider .

Ynskjer dykk alle ei fin advent- tid, gild jul og eit godt nytt år.





HERRE DU BUR I MØRKET

Torsdag 21. oktober var Tarald og Laila Ueland i Varhaug kyrkje og fortale om Svein Ellingsen sitt liv og hans diktning. Temet Herre du bur i mørket kunne nesten ikkje passa betre denne mørke, vindfulle og regntunge haustkvelden.

Saman fekk me høyra om salmediktarens oppvekst med mobbing og utestenging frå klassekameratar fordi han ikkje var ein gut som meistra det fysiske. Han var ein tenkar. Tarald fortalte så levande for oss korleis guten Svein fant ro og trøyst i å sitja i Kongsberg si store kyrkje og lytta til orgelmusikken og salmene sundag føremiddag. Svein Ellingsen brukte Landstads reviderte salmebok som lesebok som gut og hadde lært seg mange av salmane utanåt då han kom til konfirmasjon - og det var i konfirmasjonsundervisninga at han fekk presentert uttrykket «Salmeboken - den erfarte bibel» og sette seg ned med bibelen og salmeboka side om side og las.

Svein Ellingsen strevde med angst og depresjon, så mykje at han ein periode var innlagt på psykiatriks sjukehus i Oslo. Etter dette opphaldet reiste han til fjells for rekreasjon og ro, og det var då han skreiv salma Herre, du har reist meg opp. Her beskriv han korleis Gud har vore med han gjennom sjukdomstida

og fram mot betre tider. Gjennom mange av S. Ellingsen sine salmer får me innblikk i hans liv - som då han mista ei dotter i ei ulykke og etterpå skreiv salma Nå er livet gjemt hos Gud. Og då han seinare fekk verta far til ein gut skreiv ei av våre mest kjende dåpssalmer Fylt av glede. Det å få høyra korleis salmene har blitt til midt i livet til salmediktarens liv var veldig spennande.

Saman song me og nokre av salmane S. Ellingsen hadde skrevet medan Geir Palle Haarr akopangerte allsangen på orgel. Det er utruleg kjekt å få syngja saman. Syngja om livet, midt i livet. Om trua og håpet, og ikkje minst nåden. Sagt med Svein Ellingsens eigne ord fra salma Fylt av glede:

«Og ved tidens grense lever fortsatt,
dine løftes-ord ved døpefonten,
dåpens lys forblir når livet slukner.

Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede.»

Helsing
Turid Boganes
Dagleg leiar Varhaug sokn



HAUSTTAKKEFEST I KYRKJA

Søndag 26. september var det hausttakkefest i kyrkja. Bygdekvinnelaget stod for pyntinga. Me vil takka for fine tilbakemeldingar og senda ein stor takk til alle som gav bidrag slik at me fekk visa mangfaldet i haustens

grøde. I offer kom det inn 5740 kr. Desse vart send til Rogaland Bygdekvinnelag sitt misjonsprosjekt som er Rogalandsgarden i Kamerun, grunnlagd av tidligare biskop Bjørn. Liv Reiestad

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.





God varm og gratis mat er verd å stå i kø for.



Gangenved kjøkken er alltid ein fin samlingsplass. Her er det Linda Ueland som tar seg av registrering og velkomst



*Nokre ungdommar legg litt meir i kakebakinga :)
Ekte Pavlova*

LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB OG

Det er ei glede å ha heilt vanlege klubbar igjen. Me har fått laga vinyltrykk på t-skjorter, pynta smultringar, feira Halloween og mykje meir. Besøkstalet til Lensmannsløa ungdomsklubb ligg på eit gjennomsnitt 50 besøkjande kvar tysdag, og studentkafeen varierer frå 8 stk til 20 stk.

Studentkafeen er som ein ungdomsklubb men for litt eldre ungdom. Ein kan koma her måndagar kl. 16.00 - 21.00, om ein går i 10.trinn og opp til 25 år. Me sel bakarvarer som me får sponsa frå Goman, og nokre ungdommar på kjøkken lagar varmrett i tillegg. Alt mat er til sterkt redusert pris. I haustferien reiste me til Stavanger og «Fangene på fortet», det var og utruleg gildt!

Ungdommane her arrangerer i tillegg 4. desember ei PRIDE - feiring i Lensmannsløa for ungdom i Hå. Fokus er at me er alle gode menneskjer, same kven me elskar. Me vil få besøk av Sexolog Tom Nybø, og det vil vera disko oppe ++. Meir info kjem etter kvart.

I jula vil me som tidlegare år ha Julenatt i Lensmannsløa, informasjon om dette kjem og på sosiale medium når det nærmar seg. Julebord og Nissefest står og på programmet.

Minica Cecilie



Utruleg gildt, og godt, med smultringpynting og eting.

STUDENTKAFEEN



Halloween blei feira med disko, leikar, spøkelsesrom og meir. Ungdom kom frå heile kommunen, og nokre stakk heim med premiar for flotte kostyme og som vinnarar av quiz.



STORFINT BESØK PÅ VARHAUG BIBLIOTEK

Torsdag 4.november hadde vi besøk av Oppfinnaren Erik Alfred Tesaker. Det var fullt hus med fleire generasjonar.

Ekstra kjekt var det då nokre av barna fekk prøve seg som Oppfinnaren sin hjelpar.

Juleferie:

Biblioteket er stengt i juleferien. Siste opningsdag er tysdag 21.desember og vi opner igjen måndag 3.januar.





BIBLIOTEKET I HÅ

Uformell møteplass



Biblioteket på Varhaug

Liker du å lesa og har lyst og treffa andre som også er glad i bøker? Me møtes på det nye, fine biblioteket på Varhaug til ei uformell samling om bøker, god drøs og ein kopp kaffi.

Onsdagar kl.10.30-11.30 følgjande datoar:

24. november 2021

8. desember 2021

Velkommen til hyggeleg prat om bøker. Gratis.

BIBLIOTEKET I HÅ

**Opningstider ved biblioteket på
Varhaug**

Måndag: 8.30 - 15

Tysdag: 8.30 - 15

Onsdag: 8.30 - 18

Torsdag : 8.30 - 18

Fredag : 8.30 - 14

Tlf: 51791708 bibvar@ha.kommune.no



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltepøl. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveiding av fjell.
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com


FARGERIKE
Halvorsen

Industriområdet i Tjemslandsmarka, har vokse den siste tida. Nå har Fjøsssystemer kome opp med eit nytt flott bygg her, og her kjem litt om firmaet, som nå har vorte Varhaugbu:



FJØSSYSTEMER VEST AS BLE STIFTET I 1991

Siden Per Dybing startet opp for 30 år siden har vi vert lokalisert på Bjorhaug på Nærbø. I starten var det 1 stk ansatt i tillegg til Per Dybing. Bedriften har siden da vokst sakte men sikkert til å bli en betydelig aktør innen vår bransje. I dag teller bedriften sammen med det heleide datterselskapet Melketeknik Vest AS 40 ansatte. Vårt distrikt strekker seg fra Arendal i Sør til Voss og omegn i Nord. Omsetningen for Fjøsssystemer Vest AS og Melketeknik Vest AS ligger årlig på rundt 180 mill NOK.

Våre produkter er spekteret av alt som finnes av utstyr til innendørsmekanisering til landbruket. Vi prosjekterer og lever utstyr til alle dyreslag fra fjørfe, gris, sau, storfe og småfe. Vårt mål er at vi sammen med bonden skal finne den optimale løsningen som er tilpasset gårdens ressurser og muligheter.

Nå i oktober var vårt nye bygg i Tjemslandsmarka 1 på Varhaug ferdig og klar for innflytting. Selve byggeprosessen har gått heilt etter planen anført av hovedentreprenøren Vigrestad Bygg AS. Underentreprenørene har i hovedsak bestått av lokale firma og samarbeidspartnere. Hå kommune har også vert en god samarbeidspartner i prosessen og tilrettelagt på en fin måte.

Nå ser vi frem til å at vi i løpet av november mnd. vil være ferdig innflyttet i de nye lokalene.

HUBBEN

Hei fleste har vel fått med seg kva HUBBEN nå er, både frå det Varhaugbuen tidligere har skrive, men ikkje minst frå den gode reportasjen Jærbladet nyleg hadde. Eg var innom lokala i tidlegare Stueland Trevare, og eg kan trygt seia at «HUBBEN går så det suse». Det var ganske imponerende og sjå alle dei gode kontormøbla som var kome hit for å verta gjenbrukte, i staden for berre å vorte kasta i søpla. Den store aktiviteten på HUBBEN har og gjort at dei over nyttår, skal få eit endå større lokale. Ein del av elevbedriftene har både baka kaker og laga drops, som dei har selt. Eg har fått smaka noko av dropsen, og den var god. Sidan dette er siste nummeret i 2021, vil Varhaugbuen ynskja HUBBEN ei god julehelg og eit ekstra godt nytt år med mange nye og gilde aktivitetar. Liv

HÅKON VARHAUG

NY LEIAR I VARHAUG BONDELAG



På årsmøtet til bondelaget 6. oktober, vart Håkon Varhaug valt til ny leiar. Med seg i styret har han:

Thomas Vagle, Grethe Marie Aanestad, Åsgeir Aasland og Gaute Ødemotland. Vara er Runar Odland og Helene Håland. Gaute Ødemotland er laget sin representant i Internatstyret i 2 år, der Sven Sturla Håland har eit år igjen.

Liv

LITT FRÅ BONDELAGET:

2021 er snart slutt. Det har vore eit godt år for oss bønder. Det har vore lagleg ver både vår, sommar og nå i haust. Gode avlingar med grønsaker, korn og gras gir oss bønder ro i kroppen når me veit at det er nok for til vinteren.

Så noko som skal skje 18. juni 2022. Då vil me invitera dei med gamal traktor, forhaustar og tilhengar til å vera med på ein Slottedag på gamlemåten.

Lenge igjen til juni, men merk deg alt nå denne dagen . Serigstad AS skal stå for dømming og premiering, og me håper mange vil vera med. For spørsmål eller påmelding, kan de ringa Håkon Varhaug 901 13 528 eller Runar Odland 971 67 007.

Dette ser me fram til, og har alt begynt å gleda oss.

Helsing styret i bondelaget





2021 - NÅ Æ'U HÆR!

Dualle jillt er ei unik ordbok frå nyare tid. Her finn du jærsk ord og uttrykk, regler, dikt og ulike tekstar. Du vil og få sjå ein del foto frå Jæren. Dette er Bente Vigre si andre bok (*tidlegare utgjeving: Jysla jillt 2012*).

Bente har dokumentert dialekta si slik ho høyrer og bruker ho i dag. Bokstaven -æ og diftongane -ao og -æi får no visa seg fram frå si beste side i dei flotte jærsk orda.

- Tobias Skretting omtalar bokstaven -e og -æ lyden i si dialektordbok slik: ... ver klar over at me seier det meir med æ-lyd. (side 4-1998 eller side 8-2014) -

Dialekt og dokumentasjon som hobby!? Ja, det kan høyrast både litt sært og rart ut, men for Bente har det vore ein kjærkomen hobby når hausten set inn med horisontalt regn, lågtrykk og uver i kø. Då har det vore godt å berre kunna siga ned i sofaen og leika seg med ord, og fundera litt på korleis me snakkar og skriv.

Ho trudde ikkje at det skulle verta endå ei bok, men etterspurnaden etter den første boka har vore stor dei siste åra, og kanskje tida no er inne for ein ny runde med fokus på dialekt og det norske språket.

Dualle jillt gjer eit uhøgtidleg bilete av den jærsk dialekta frå nyare tid. Det vil også dukke opp eldre ord som er i bruk. Her kan du studera bokmål og nynorsk i dei midtarste kolonnane som viser korleis dei buktar seg framover og flettar seg saman, linje for linje. Du kan også lesa ord på engelsk om du har lyst til det.

Nokon finn boka nyttig for å lære seg jærsk. Andre mimrar, humrar og ler, og nokon finn det lærerikt og få friska opp engelske ord.

Dialektfotografen Bente Vigre har eit håp om at den unike boka, Dualle jillt, fell i smak og kan vera eit positivt bidrag og hjelp til å ta vare på den jærsk dialekta, og ikkje minst visa fram våre to flotte skriftspråk (bokmål og nynorsk) saman og ved sida av kvarandre.

«Dualle jillt åmm du he ti
te å ståppa åpp lidevetta,
å vær mæ å ta vare på
denn flåtta dialektå åkka»

Bente Vigre er med i Varhaug fotoklubb og gler seg no til å få meir tid til fotografering og kunstmaling. Ho er også med som frivillig i Hå, kor ho i lag med Parkens vener sørger for å halda Paviljongen kiosk i fugleparken på Nærbø open.



Risaskogen mæ
måse på stæina å tre,
jer enn magiske fre

ett eventyr tæge fårm,
i finver å stårmm

bæine, sjeive å
ligganne på skrå,
vinnenn stryge
fårbi i tåppen nå

knirkanne,
svæianne å fine,
jer dåkke gle'e
te turanne mine

kvennhus mæ
brusanne bekk,
å foggla så
kvittra stadi vekk

urskogenns pærfekkte ro,
du å æg, ja bara åss to

Risaskogen med
mose på steiner og tre,
gir en magisk fred

et eventyr tar form,
i fint vær og storm

bene, skeive og
liggende på skrå,
vinden stryker
forbi i toppen nå

knirkende,
svaiende og fine,
gir dere glede
til turene mine

kvernhus med
brusende bekk,
og fugler som
kvitrer stadig vekk

urskogens perfekte ro,
du og jeg, ja bare oss to

[steinar, gir/gjev, ei]

*Risaskogen with
moss on rocks and trees,
gives you peace*

[eit, tar/tek, ver]

*an adventure takes
shape, in nice weather
and storm*

[beine, liggande, stryk,
nå/no]

*straight crooked and
laying, the wind blows
past the top now*

[knirkande, svaiane,
gir/gjev, dykk, turane]

*squeaky, swaying and
nice, you give me
pleasure on my hiking's*

[brusande, fuglar,
kvitrar]

*the mill house with
rushing streams
and birds singing*

[eg, berre]

*the old forest gives me
the perfect silence,
you and me, yes just the
two of us*

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

SENTRUM

Eg var litt optimistisk etter sist blad, og hadde planer om å ha med eit stort flag til stykket om sentrum denne gongen. Men slik vart det ikkje. Så kanskje til neste blad????...

I denne, litt triste, saka er me alle taparar; Steinar, dei som bur i blokka, vanlege Varhaugfolk som helst skjems over sentrum og kommunen. Her er det gjort noko feil, men feil går det vel an å gjera noko med. Og feila ein gjer, er noko ein lærar av.

Kom til å tenke på eit ekteskap, der ting kanskje ikkje går heilt greitt. Då kjem gjerne ein ekteskapsrådgjevar inn i bildet. Kva slag rådgjevar kunne ein brukt her?

I dei fleste saker går det an å verta einige, om ein berre innrømmer at ein har gjort feil, og så prøva å gjera det beste ut av det etterpå.

Bedriftsforeninga og Varhaugbuen har laga eit opprop: «**Riv handelslaget nå**» som er sendt til lag, organisasjonar, næringsdrivande og andre, der ein ber om at dette oppropet vert sendt til kommunen. Hadde ikkje tenkt at me måtte gjera noko så dratisk, men når ingen ting skjer...

Me hadde i det lengste håpa at kommunen med ordføraren i spissen hadde sagt: «Her har mange gjort feil, eg og, men dette må me ordna opp i. Me kan ikkje ha det slik lenger. Det vert nok nokre utgifter for kommunen, men det har me råd til». Det hadde vore modig og klar tale av ordføraren, og det hadde vore litt av ei julegåve og fått både for Bedriftsforeninga, Varhaugbuen og mange andre.

Undernes tid er ikkje forbi, så eg eg framleis optimist, og håper eg snart kan «heisa flaget» for eit triveleg sentrum.

Liv

TRENG DE KONTOR/BUTIKKLOKALE?

Lokala, der røyrleggar Volden/Tollefsen heldt til, står klar for nye folk. Er det interesse for dette, ta kontakt med Liv i telefon 941 35 016.

NÅ ER HÅ MÅLLAG OPPE OG GÅR IGJEN

Etter å ha vore i dvale nokre år, er endeleg mållaget på plass igjen i Hå. Etter eit år med interimstyre, var det årsmøte 28 oktober 2021, der Arne Reidar Hæåk vart valt til leiar. Med seg i styret har han: Eva Hegre, Oddvar B. Høyland, Jon Arne Silgjerd og Elisebet Rugland. Vara: Ingunn Nord-Varhaug og Inger Størseth Haarr.

Liv

FJORDKJØKKEN - UTBYGGING

Fjordkjøkken har behov for mer plass, og har som kjent kjøpt de 4 naboeiendommene mot vest som en forberedelse til utbygging av fabrikken. To av boligene rives nå i høst (Djuphødl 3 og 5), og vi er i prosess med å søke om oppføring av en midlertidig RUB hall for å bedre lagerkapasiteten.

Det jobbes ellers med alternative løsninger for utbyggingen og innhenting av tilbud nå i høst, før behandling i aktuelle styremøter i vinter. Holder vi framdriften som planlagt, så kan det bli byggestart før sommeren.

Hilsen Anne Siri



INTERNATET - EIT SISTE FARVEL!

Ting tek tid, det veit me alle, men nå kunne me endeleg lesa i Jærbladet om overdraginga til Fjordkjøkken, og om ikkje lenge vert bygget rive. Den gamle arbeidarbustaden frå 50-åra og dei 4 laga sin samlingsplass sidan 1995, er nå historie. Tungt og trist for laga, men viktig for den store arbeidsplassen, som Fjordkjøkken er her på Varhaug. Men nå kjem ei ny tid for eigarlaga i sentrum, der dei har kjøpt heile 1. etasje i Rune Odland sitt bygg. Både dyrlegane og laga har nå kome på plass her, og ting tek til å koma i orden. Nå er det berre nytt namn som står igjen, og det vert bestemt på årsmøtet den 30. november.

OBS OBS OBS

Nå er det råd å få tak i boka til Sjur Håland igjen; **«Folk frå Varhaug»**. Den vert i sal både i slaktarbutikken til Skretting, og hos bondelaget i god tid før jul. Kanskje kan dette vera ei gild julegåve til ein eller annan?

Liv

TRAFIKKVAKTENE

I denne mørketida er det godt og sjå at trafikkvaktene er på plass igjen. I all slag ver stiller dei opp både på brua, i krysset ved Skulegata/Buevegen og i krysset Skulegata/Dublandsvegen. Varhaugbuen vil her takka dei om stiller opp, dag etter dag, og syt for at ungane kjem seg trygt til skulen. Og dette er nødvendig, for biltrafikken er ganske stor på denne tida.



Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkellubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløå

Nytt styre :

Leiar:

Asle Haukland, Bedriftsforeninga

Nestleiar:

Gaute Ødemotland, Bondelaget

Sekretær:

Per-Arvid Jakobsen, Misjonshuset

Kasserar:

Brit Obrestad

Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem:

Ole Kristian Ødegård

Bygdeungdomslaget

1. varamedlem:

Ingvar Reiestad

Vennelaget Lerbrekk skule

2. varamann:

Eivind Galtvik

Vennelaget Lennsmannsløå

Redaktør

Liv Hobberstad





GILD KVELD I KYRKJA MED GENERAL FORSAMLING OG SJUR HÅLAND

Ei mest fullsett kyrkje fekk oppleva desse to på ein utruleg gild stund i kyrkje. Temaet var: «Eit skråblikk på kyrkje og forsamlingsliv før og nå». Dette klarte desse to på ein fantastisk måte; Sjur med sin gode penn og General Forsamling med sin spesielle stemme.

Biskop Anne Lise Aadnøy slutta av kvelden med å gi gåver som takk for ein flott kveld til Børre Bratland, Sven Arne Vestbø og Sjur Håland på scenen, pluss lydmannen, Hallgeir Reiestad.

Liv



KJEM I ARPIL: GENERAL FORSAMLING

Steidn: Påskeevangeliet på jærsk - Nye vitne til påskehendinga

Billettpris: 150 kr

Billetter får du kjøpt på www.varhaugkyrkje.no frå 15. februar.
Ein kan og kjøpa billetter i døra når ein kjem.

NÅ ER «THAIEN» KOMME INNANDØRS IGJEN

Yupadee Pengjan var smilande og glad då jo fekk opna den nye plassen hos Spar. Dette var noko ho verkeleg hadde sett fram til: Både ho og Yopa Phonok hadde ein ganske travel, men veldig gild dag, og salet gjekk unna. Eg drøste litt med Johannes, trur han var ein av dei første kundane. Dette er jo Take away, men det var og 2-3 barkrakker, om ein ynskte å eta maten der og då.



Og ynskjer ein noko anna enn thai-mat, er det berre å gå over gata til den gamle Kina'n. Der får ein framleis vanleg kinamat i tillegg til sushi.

Liv

FØLET OG SAUEN (ELLER VEREN)

Endeleg har desse dyra fått ein heim. Begge er kome på plass i skuleområdet. Hesten inne på ute området til skulen og veren framføre inngangen til det nye biblioteket. Nå kan styret for Varhaugbuen pusta letta ut. Det var ikkje mykje gildt då dei var stua vekk som noko anna graps.

Liv

BYGGETIDA PÅ VARHAUG SKULE ER SNART OVER

Det er mest som ein nå kan synga: «Og dette har me venta på så lenge ...

Alt i 2017 var skulen for liten, og brakker måtta tas i bruk. Her reagerte kommunen raskt, og byggearbeidet med nybygg og rehabilitering starta i 2019.

Sjølv om arbeidet ikkje er heilt ferdig, var det likevel offisiell opning av dei nye lokala 4. oktober, der både ordførar og kommunedirektør var på plass.

Nå har både elevar og lærarrar fått ein fin og god plass å vera til ein pris av 115,5 millionar. I dag er det 511 elevar ved skulen, men den er nå rusta opp til å ta imot 550. Varhaugbuen gratulerer!

Liv



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• **SERVICE** • **DELER**
• **REPRASJONER**



FOTO KLUBBEN



Me har flytta inn i nye lokaler. Nå er møtene våre i hovudhuset på Lensmannsgarden.1.etasje. Det var innvielsefest den 4. oktober med sprudlande brus,pizza,kaker og kaffi. Me håper på fleire medlemmer så har du litt interesse for foto og fotografering er det bare å kome.

Møtene holdes kvar fyrste måndag i månaden fra kl. 19.00 til 21.00. Tema for oktober var «Tre». Innsendte bildervart vist på eit nytt stort TV som klubben nettopp har kjøpt. Klare og fine bilder


Ellers på fekk me forespørsel om me ville ha ansvar for utsmykkinga av dei nye lokala til Varhaug bygdekvinnelag. Dei ønska seg bilder fra Varhaug og omeng. Nokon fra fotoklubben sendte inn bilde-forslag og dei plukka ut eit stort og 6 stk. litt mindre

som me fekk forstørtra opp og levert på døra i det nye lokalet. Kjekt med slike oppdrag.

Tema for november møte var Monochrome og svart/ kvit bilder. På dette møtet hadde me og besøk av fotograf John Sirevåg som tok oss med på ei fotoreise fra Orre til Tromsø via. Dovre. Fantastiske bilder av alt fra Nordlyset, til moskus og mange flotte fugler.

Temabilder for desember er «Fremskritt» så det er bare å kome innom lokalet den 6.12 kl 19.00 . Me er ca. 10 stk. på medlemsmøtene, også er me «Grævla jille».

Evvy Vigre Reime.



Oppe venstre: Barbro N. Vold
Nede venstre: Evy Vigre Reime
Opp høyre: Barbro N. Vold
Nede høyre: Kathrin Schmidt

VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

Varhaug Bygdeungdomslag arrangerte bilrebus 9. oktober. Bilrebusen har vorte ein årleg tradisjon, som er ein stor klassikar for medlemmane våre. Postane bestod av både fysiske og mentale utfordringar og var veldig underhaldande for deltakarane.

Laurdag 20. november er det tevlingsdag for medlemmane, i regi av Varhaug Bygdeungdomslag, saman med Rogaland bygdeungdomslag. Me håpar å sjå deg der! Det meste vil gå føre seg på grusbanen til Varhaug idrettslag, og på Varhaug ungdomsskule. Me arrangerer blant anna TRT-tevling (traktor, reiskap, og tryggheit), verneløp, som er ei tevling der tryggheit i eit landbruksrelatert bygg står i fokus, og meir!

Karine Berge



Frå bilrebus



Frå TRT-tevling





OLAUG VARHAUG



Olaug Varhaug har vore medlem i bondekvinnelaget/bygdekvinnelaget i 50 år.

På årsmøte 30. september blei Olaug Varhaug heidra med platte frå bygdekvinnelaget for medlemskap i 50 år. Sidan ho var forhindra i å møta, blei platta overrekt henne heime av to frå styret, dagen etter.

Mvh
Astrid Skretting

En alliansebank i **eika**.



Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.



Du kan'kje drikka kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.



Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.



Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.



Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Hvorfor velge
Jærens eneste
lokalbank?

Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no

jæren
sparebank

SIKTKURS I SVALA 4H



Siden me ikkje kunne ha storkurs på grunn av covid-19 lagdte svala sitt ege siktkurs der me hadde mange forskjellige kurs. Det var Hest, Kakepynting, slakting, selvforsvar og surfing.

Dei som hadde Hest var på Øksnaval VGS, der dei som var på kurset fikk gjøre mykje forskjellig, dei fekk både teori, stallarbeid, hestekos, kjøring og ridning.



På kakepynting fikk de lære litt av hvert om å pynte kake, og kakene som blei laga ble alle kjempefine. Alle som var på kakepynting va så heldige å få med seg kakene.



Surfing va jo au eit kurs me hadde, der dei som hadde det fikk muligheten til og surfe men etter og ha våre i ein kald sjø er det alltid godt med bål og grillmat.



På sjølvforsvar fikk vi lære om forskjellige måter og forsvare oss på dersom man blir angrepet.



Sist men ikkje minst så har me slaktekkurset, der det blei slakta og partert ein sau.



Dagen blei avslutta med kosekveld på Reiestad der var det grilling, volleyball spel, pil og bue konkurranse og mye meir morsomt.

Signe Fuglestad

EXTRA, VARHAUG HAR FÅTT EIN UNG OG BLID BUTIKKSJEF

Jan Gunnar Eide, starta i jobben 1. oktober. Han er 28 år, frå Bryne/Nærbø, og bur nå på Bryne i nytt hus saman med sambuar og ein 4 månader gamal gut. Han seier at nå er alt vel både heime og på jobben.

Berre namnet, Jan Gunnar, sette meg ganske fort tilbake til Bryne, for farfaren er jamgamel med søster mi, så han har eg kjent alltid. Og oldefaren, Johannes, ja der har eg alltid handla: «Eiden på Torjå» var kjent av alle.

Jan Gunnar er son til Nils Inge og Anette. Mora vart seinare gift med Espen Terland, og Jan Gunnar seier han hadde ein kjempegild stefar frå han var 7 år. Jan Gunnar gjekk på skulen på Nærbø, der han og spela fotball. Men han hadde og si tid saman med faren på Bryne.

Vidaregåande gjekk han på Bryne på sal og service m/påbygg. Seinare fekk han seg ein bachelor innan økonomi og administrasjon. Jan Gunnar arbeidde i bank i 5 år, men hadde mykje ekstra-arbeid i Spar-butikken til faren i ferie og anna. Han lika seg godt i banken, men etter 5 år tenkte han at det kanskje kunne vera ein ide og prøva noko anna. Han hadde jo og fått litt erfaring med butikk, etter alle åra saman med faren. Kanskje kunne dette vera noko å bygga vidare på? Som tenkt så gjort. Han søkte, og fekk jobben som butikksjef hos Extra.

Det vart mykje nytt og ukjent å setja seg inn i her på Varhaug, men han fekk god hjelp av dei andre tilsette. Jan Gunnar seier han alt føler seg heime her, og at alle har teke vel mot han. Difor ser han nå fram til at dei saman kan få til ein skikkeleg fin julebutikk.



Butikkarbeid er kanskje noko som ligg i «blodet», sidan det er det generasjonane før han har drive med.

Varhaugbuen takker frør drøset, og ynskjer Jan Gunnar lukke til vidare i ny jobb som butikksjef. Men den utstrålinga han har, er eg heilt sikker på at både kundar og tilsette vil trivast saman med han. Liv



VOLDEN TOLLEFSEN HAR FÅTT NY LÆRLING

Omar Omar er 21 år , og frå Syria. Han og familien kom til Norge for 6 år sidan, og budde då på flyktningmottaket på Nærland. Etter eit år flytta dei til Nærbø, der bur han nå saman med mora og broren med kone.

Omar tok til i lære i august, og ser fram til at han om 2 år kan ta fagbrevet. Han starta å læra norsk på Læringsenteret på Bryne, så var det eit år på vidaregåande på Jåttå og så det siste påbyggingsåret på Bryne. Han søkte om læreplass, og fekk heldigvis napp hos Volden Tollefsen. Han syns det er veldig greit at læreplassen er så nær heimen. Omar seier han har lika seg på arbeidsplassen, og arbeidet samen med Terje frå første dagen.

Omar hadde litt arbeidserfaring, sidan han vart utplassert av skulen på Trelasttunet på Nærbø.

Dagane går for det meste ute i felten saman med Terje, men han er og ute på oppdrag aleine. Omar seier det går ganske greitt med språket og dialektane, sjølv om det var bokmål han hadde på skulen.

Han har sertifikat, men har ikkje fått firmabil endå.

Varhaugbuen ynskjer Omar lukke til i arbeidet med å få fagbrev som røyrleggar.

Liv



VOLDEN TOLLEFSEN HAR FÅTT FINE NYE UTSTILLINGSLOKALE OG KONTOR

Då dei flytta ut av lokala hos Rune Odland, gjekk dei ikkje langt. Berre over gata til 2. etasje i Stuelandbygget (Spar). Her har dei ved sida av Cace & Cube fått seg kontor i tillegg til nokre kjempefine utstillingslokale.

Skal du ha nytt bad, så er det berre å ta turen opp dit. Her er komplette badarom stilt ut.

Liv

BILVASK

Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.

Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.

Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM

5 FOR 3

FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

KOM OG PRØV VÅR NYE OG TOPP MODERNE VASKE- AUTOMAT



**Varhaug
Servicenter A/S**

Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED



JENTER 2010 FOTBALL

Mandag 28.september 2021 bytta jenter 11 ut fotballtren-
ing på Iden med matlaging på Varhaug skule.
Jentene møtte på skulen klokka 16.00 og på få timer
samarbeida dei om å lage pannekaker, pizza, taco og muf-
fins til dessert. Me hadde ein kjempe kjekk ettermiddag i
saman.

Helsing Magnus Skrettingland



KLAR MED JULEMATEN

I meir enn 30 år har desse damene; Inger Høiland, Kari Wergeland Holst og Wenche Bentsen, teke turen til Varhaug for å kjøpe pinnekjøtt og anna hos Skrettingen. Dei kom frå austlandet som flyvertinner hos Braathen i ungdomen, og det er berre Kari som er pensjonist. Dei to andre flyr framleis. Varhaugbuen klarte å huka dei til ein liten kaffidrøs, og Reidar kom og inn med nysteikte karbonadar Dei fekk med seg eit blad, slik at dei fekk sjå kor eg skulle ha bildet.



Liv



Så var endeleg interiøret på plass, og Skrettingen kunne opna kafe'n. Eg har vore innom både på laurdagsgraut og kaffi. Den offisielle opninga kjem litt seinare, men nå er det i alle fall mogeleg å få ein kaffikopp her, pluss, pluss i opningstida til butikken. Der inne bestiller du og det du vil ha, og så står kaffien klar ute i kafe'n. Og her er det skikkeleg kopp med Skretting-logo. Flott tiltak i trivlege lokale.

Liv

GULLMEDALJE TIL YSTEPIKENE

Nyleg vart det arrangert NM i Ost i Oslo, der Ystepikene fekk gull for Jærsk bedaost. Og ikkje nok med det; dei fekk bronse for to andre ostar: Jærsk Kvitskimmel og Jærsk Kremost tare. Det var deltakare frå heile 56 ysteri, og andre lokale ysteri fekk og prisar. Varhaugbuen sender her ein stor **GRATULASJON!**

Liv



KANO MØTE OG UNDER OPEN HIMMEL I SVALA 4H



KANOMØTE

Lørdag 19. juni var me på Oslandsvatnet og rodde i kano. Me hadde to og to kull på same tid, med kvar sine kanoer og kvar sine bålpanner medlemmane kunne grilla mat på.

Me var litt uheldige med værmeldinga og hadde ein del regn. Men det blir aldri for kaldt for ein liten dukkert, så me hadde ein del ungar som var gira på bading au.

Det var godt drøs, gilde folk og fine omgivelser som gjorde dette til ein knall opplevelse.

Adle koste seg og me kunne reisa heim blaute, litt kalde og med eit godt smil om munnen.

Godt oppsumert; ein herlig laurdag



Helle Skretting, Sanne Skeie, Karin Berge og Aasbjørn Aasland

FLOTT 4 H FEST

Eg var nyleg på den årlege 4H-festen. Den trur eg er den beste festen som har vore nokon gong, og eg har vore på ganske mange. Litt seint vart det nok for dei minste, men denne gongen kunne foreldra berre reisa heim utan å ta med seg utstillingane. I år var desse i gamle salen, og dei skulle berre stå til neste dag, då det skulle vera open dag på idrettsanlegget, og folk kunne koma og sjå dei flotte utstillingane. Det vart nok nokre lange timar for dei som hadde vakt, men og mykje gildt. Her kom folk innom som fekk ei aha-oppleving. Dei kjente ikkje til 4H, og vart mektig imponert av alle dei flotte utstillingane.

Eg vart og imponert over utstillingane, og ikkje minst på det store mangfaldet det er i oppgåvene nå. Det er noko heilt anna enn då mine ungar var med. Kjempeflott med 4 plakettvinnarar. Det trur eg ikkje me har hatt på Varhaug før.

Nå er det og noko som heiter «Kløvermedlem», for dei som har lysst å vera med, men som ikkje er gamle nok til å starta med oppgåver. Ser godt ut i framtida og for Svala 4H, for det var ganske mange unge som var på scenen og fekk merke og skei. Lukke til vidare både de med oppgåver og alle hjelparane rundt dykk. Her får ungane lærdom for livet.

Liv

UNDER OPEN HIMMEL

På under open himmel, der me sov ute ei natt i mai var ein fulltreffer. Me hadde gode, nye hengekøyer og litt regn som me fiksa med presenning. På desse møta hadde me eitt og eitt kull på forskjellige helgedager i mai og juni. Om dagen hadde me aktiviteter som volleyball, slåball, pil og bue og øksekast. Me hadde ein

matpause med grilling og då det begynte og kveldast, så poppa me popcorn till alle og ein kvar. Om morgonen var det frukost, pakking og heimreise. Mange bra møter der det var lått og løye. Volleyballturnering var bra med mykje konkurranseinstinkt og alle hadde det kjekt.

Live Skretting



ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontakt med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

TIDLEGARE AMBASSADØR NORDSLETTEN PÅ BESØK HOS VARHAUG PENSJONISTLAG

På møte tirsdag 26. oktober 2021 var Øyvind Nordsletten med oss, for å fortelja om

«Inntrykk frå Russland og andre riker». Som musikarar hadde me som vanleg me oss Agnes og Sølvi på trekkspel. Etter velkomst, song me «Eg e fydde på straen eg».

Så var det tid for føredrag, og Nordsletten fekk ordet. Han starta med å fortelja om oppvekst på Hognestad, med arbeid og potethenting. Han var i militæret i Sør-Varanger, og kom då inn på kurs i russisk. Der gjekk han to år og måtte pugga lange lekser. I 66 reiste han til Moskva som altnuligmann ved ambassaden. Etter studietid kom han inn som aspirant i UD 74, og blei verande som diplomat til han var 70 år. I to år frå 77 var han ved ambassaden i Tyrkia som attache. Han var ved ambassaden i Russland frå 79-85, og ambassadør der i åtte år frå 2000. Han hadde då også ansvar for Armenia og fem land i Sentral-Asia. Frå 92 til 96 var han norsk ambassadør i Ukraina og Kviterussland. I 2008 blei han utnemnd til ambassadør i Irland.

Å vera diplomat eller ambassadør, betyr å vera kongens mann i desse landa. Men det er ikkje alltid slik me førestiller oss. Å vera ambassadør er eit vidt ansvar og eit mangesidig arbeid. Ein må hjelpa nordmenn som sit i fengsel eller er på sjukehus. Dei skal og hjelpa næringslivet i dei landa dei er, vera ein spydspiss. Frå 82 var Nordsletten 10 år i Oslo, og hadde leiande stillinger ved ulike departement. I 96 i 3 år leia han internasjonal avdeling ved statsministerens kontor.

Nordsletten fortalde levande frå både Tyrkia, Kina og den 1500 km lange kinesiske muren. Men det var nok alle inntrykka frå åra i Russland som fekk mest plass. Russland er verdens største land og enormt på kartet han viste. Den transibirske jernbanen er 10.000 km

lang og verdas nest lengste. Den går frå Moskva like til Vladivostok. Tidlegare blei dei fleste kyrkjene i Russland øydelagde og rivne ned, men nå har kyrkja fått sin renessanse. Vasilijkatedralen er ei utruleg flott kyrkje i Moskva, som brukast den dag i dag, også av Putin. Sibir er eit kjempestort område, og har kontinentalt klima. Her kan verta 70 minusgrader og vera opp mot 30 plussgrader. Russland er verdas største på olje og gass, og har bygt ut enormt mykje vannkraft. Dei har stor produksjon av straum.

For eit minne og talegåve Nordsletten har! Han snakka uten manuskript, bare med hjelp av mest 100 foto som han viste på prosjektor. Dei 45 som var tilstades var begeistra, og fleire hadde spørsmål.

Før kaffi fekk me eit musikkstykkje av trekkpeldamene, og åresalg og utlodning gjekk greit. Mange fekk gå heim med fine planter. Til avslutning song me Tobias Skretting sin fine song «Kveld på Jæren». Ein takka alle for ein gild kveld, og ønska vel heim!

Inger Haugstad



Norske ambassaden i Moskva

Foto: Wikipedia

NYTT FRÅ VENNELAGET FOR LERBREKK SKULE

Det er så smått starta med arrangement for Vennelaget for Lerbrekk skule. Me hadde styremøte mandag 8. november der me bestemte at me nå prøver litt aktivitet. Skulen har vore utleigd til mindre selskap og arrangement. Me har og teke imot turbussar med reisande som har vore innom for litt kaffi, lefser, song og omvisning.

Me har hatt to sundagskafear, der det har vore vel 20 besøkjande.

Arrangement fram i tid vert:

- Tirsdag 7. desember Graudafest kl 19
- Torsdag 17. mars 2022 årsmøte
- Dato for sundagskafear våren 2022 6. februar, 6. mars og 3. april

Inger Haugstad

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

11. februar 2022

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Lunsjtreffa i Lennsmannsløå annakvar onsdag kl. 12.00:

12. januar

26. januar

9. februar

23. februar

9. mars

23. mars

27. april

Grunna påske og anna vert det kun eit treff i april, og så vert det «ferre» fram til hausten.





Monica Mørk Aase
Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF
e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård
Eiendomsmegler MNEF
e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!

Eiendomsmegler **1**
JÆRMEGLEREN



**Bonde
Kompaniet**

Lyngsøe varmedress

Vannsøyle 8000 mm.
Pusteevne 3000 mvp.
Tapede sømmer.
Str. XS-4XL. **LR70330607**

699,-
(999,-)

30%
rabatt



Peistønne

100 stk. tennposer i tønne
+ 400 i refill boks.

299,-
(399,-)

25%
rabatt



Hodelykt Morild

LMNTS. 800 Lumen. 300 m rekkevidde.
To lysinnstillinger. Bilkabel, batterilader,
samt 2 batterier på 3000 mAh
medfølger. **LM70046**

399,-
(499,-)



Varhaug, tlf. 51 77 14 70
Mandag-fredag: 8-17, lørdag: 9-14
Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899